

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-223, FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
054/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.12.2022

### **Søknad til Næringsfondet - Alfa Gruppen AS - Videreutvikling av produkter og tjenester relatert til Nettbutikk og Nettbooking**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Videreutvikling av produkter og tjenester relatert til Nettbutikk og Nettbooking vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

#### **Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.  
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

##### **ND- 054/22 Vedtak:**

Prosjektet Videreutvikling av produkter og tjenester relatert til Nettbutikk og Nettbooking vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

##### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

##### **Bakgrunn:**

Alfa Gruppen AS er eit aksjeselskap. Bransje: 70.100 Hovudkontortjenester, 62.010 Programmeringstenester. Registrert 09.09.2019.  
Kjelde: Proff.no.

##### **Saksopplysningar:**

Alfa Gruppen vart etablert i 2019 og driver med sal av websystem som nettsider, nettbutikk og bookingløysingar, samt tele- og dataløysingar. Selskapet er lokalisert på Frekhaug og har 5 tilsette på fulltid og 2 tilsette på deltid.

Selskapet har sidan oppstarten arbeida med vidareutvikling av web-løysingar og har lukkast med utvikling av løysningar som kasseintegrasjon mot nettbutikk og nettbooking, og bookingsystem til blant anna frisørar/hudpleiarar, serveringsstader, verkstader etc.

##### **Om prosjektet:**

Alfa Gruppen søker no om støtte til investeringar i forbindelse med utvikling av web-løysingar, drift og vedlikehald av nye tenester og tilsetjing av fleire nye medarbeidarar.

##### **Prosjektleveranse/Målsetting**

Alfa Gruppen sine eksisterande kundar og potensielle kundar har behov for løysingar som kan konkurrere med store utanlandske aktørar som Booking.com og Airbnb.no. Ved å vidareutvikle tenestene kan selskapet tilby betre løysingar til eksisterande og nye kundar som er kostnadsbesparande og samtidig gi stor effekt når det kjem til marknadsføring, profilering og synlegheit

#### Prosjektøkonomi:

Prosjektnavn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
<b>Videreutvikling av produkter og tjenester til nettbutikk og nettbooking</b>	618 5000	300 000	0

#### Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til entreprenørskap, innovasjon, vekst og auka sysselsetting i kommunen.

#### Vurdering:

Alver kommune ser svært positivt på aktiviteten Alfa Gruppen gjennomfører for å skape vidare vekst i selskapet, men vurderer søknaden til å gjelde søknad om midlar til generell drift framfor at dette dreier seg om eit konkret utviklingsprosjekt. Kostnader knytt til lønn til nye tilsette er driftskostnader.

Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden utanfor næringsfondet sine vilkår, jamfør vilkår 6.4, kor stønad skal nyttast til utviklingsprosjekt, og ikkje til ordinær drifts- og vedlikehaldskostnad.

Søknad om støtte til prosjektet Videreutvikling av produkter og tjenester vert avslått og prosjektet vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet.

Vedlegg:

#### Vedlegg i saken:

02.11.2022	Soknad-2022-0066	1827697
02.11.2022	Soeknad til Naeringsfondet i Alver Kommune	1827698
02.11.2022	MARKEDSPLAN Alfa Gruppen - utvikling av web-systemer	1827699
02.11.2022	Prosjekt budsjett	1827700